



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

APRIL 2025

PÅSKEHELING FRÅ ORDFØRAREN

Det stundar mot påske. Om verda rundt oss er uroleg, så er det noko trygt og godt i å samlast kring dei faste haldepunkta i årshjulet. For nokre er det viktigaste å halde tradisjonar ved like, for andre eit kjærkome avbrekk frå kvardagen. Det viktigaste er likevel å fylla dagane med noko som gjev glede og meining for ein sjølv og dei ein har rundt seg.

Vinteren har vore noko annleis enn det me kallar normalår, og det er ikkje godt å vite kor mykje av snøen som ligg att når høgtida er over oss. Det kan fort verte apostlanes hestar som må frakte ein til fjells, heller enn andre hestekrefter. Så skal det seiast at dette ikkje treng vere noko dårleg alternativ for den som er sprek til beins. Heia er like fin, om ein kjem seg dit på den eine eller andre måten.

Om påskefjellet ikkje lokkar, kan ein ha det heilt fortreffeleg nede i bygda – også i påska. Ein kort tur i nærmiljøet kan vere like triveleg som ein langtur på heia, i tillegg treng ein ikkje vere i tvil om føret. Og tru om ikkje handelsstanden også vil setje pris på noko meir liv og røre i bygdesentera i påska, ei tid der det elles kan opplevast som bortimot folketomt. Så får me samle oss i vona om ein finvêrspåske, og om sikrare snøforhold neste år.

Som alltid er det nokre som må yte for at me andre skal kunne nyte. Me veit at det kring påsketider kan opphalde seg opp mot 6000 menneske samstundes i kommunen vår. Då seier det seg sjølv at beredskapen må vere på plass. Det er alltid nokon på jobb for å sikre oss dei tenestene og den tryggleiken me har vorte vande med i samfunnet vårt. For det skal de ha stor takk!

GOD PÅSKE!

VALLE RADIO

PÅSKA 2025

SENDINGAR:
SKJÆRTORS DAG
OG 1. PÅSKEDAG

HOVEDGEVINST:
Varmepumpe verdi 35.000,-
i tillegg til mange andre
gevinstar og gavekort frå
næringslivet i dalen og
andre sponsorar.



Sendefrekvensar:

Hovden	105,3
Hoslemo	104,3
Bykle	105,8
Trydal	104,0
Bjørnará	105,0
Valle	101,2
Ljomsnuten	102,6
Rysstad	106,2

Telefonnummer:

Loddkaup tlf/sms 41 77 99 77
Rebussvar tlf/sms 41 77 66 66
Helsingar sms 41 77 75 57
Loddkaup via VIPPS 509953

**NB: Tlf. nr ditt må skrivast
i meldingsfeltet.**

Loddkaup og helsingar på:
post@valleradio.com

VIPPS
Påskebasar



Høyr på Valle Radio på nett,
www.valleradio.com
klikk på "live streaming"
Facebook Valle Radio

**GOD
PÅSKE
TIL ALLE
LYARAR!**



**HUGS å sende informasjon om
arrangement og aktivitetar til oss på
sentralbord@valle.kommune.no, så legg
vi det inn i aktivitetskalenderen på
heimesida til Valle kommune!**



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Retningslinjer for søknad om støtte til arrangement i Valle kommune

Valle kommune har no fått på plass retningslinjer for lag, organisasjonar og andre som vil søke om støtte til ulike arrangement. Retningslinene vart vedtekne i formannskapet 12. mars.

Støtteordningar som omfattar ulike tilskot til arrangement skal vere med på å fremje trivsel og livskvalitet blant innbyggjarane. Lokale initiativ og prosjekt som bidreg til eit aktivt og inkluderande nærmiljø skal få litt kommunal drahjelp.

Utgangspunktet i retningslinene er at ein må søke om støtte før oppstart av tiltaket, ein må bruke det digitale skjemaet ein finn på heimesida til kommunen, og søknadsfrist er 1.april og 1.oktober kvart år.

Ein kan søke om støtte til aktivitetar og tenester, satsing som skaper inkludering og mangfald, gjev betre rammer for oppvekst og ikkje minst stimulerer til auka deltaking innan kultur og idrett.

TEKNISK INFORMERER

Status på nye Valle kultursenter

Betongarbeidet held fram samstundes som røyrleggar også har begynt. No er dei i gong med botnleidningane i underetasjen som skal vere klare før golvstøyp neste veke. Det kjem også røyr for vassboren varme i golva, og om to til tre veker er alt av betongarbeid på plass. Denne veka blir det også sveisa innfesting til holdekker og søyler. Progresjonen har vore god i tider med lite snø og tidleg vår.

Frist for innsending til Bygdenytt for mai er 20. mars.

Send til sentralbord@valle.kommune.no
Aktivitetar og arrangement som skal inn i Aktivitetskalenderen på heimesida vår bed

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Elevplass Valle kulturskule 2025-2026

Nye elevar:

Ordinær elevplass i Valle kulturskule er vanlegvis for elevar i 1.klasse og oppover. Elevar i 1.-4. trinn får undervising i SFO-tid.

Nybyrjarar kan ofte få tilbod om undervising i små grupper, men vi legg generelt mykje vekt på samspel.

Vi tek også inn elevar frå vidaregåande skule, og vaksne dersom kapasitet.

Søknadsskjema på www.valle.kommune.no / Kultur og fritid.

Frist 15.mai.

Elevar som allereie har plass:

Dersom eleven skal halde fram med same tilbod som før i kulturskulen må føresette logge inn i SpeedAdmin og **re-registrere** eleven.

Også viss eleven skal slutte skal dette registrerast i SpeedAdmin.

Føresette kan også byte instrument for eleven i SpeedAdmin.

Frist: 15.mai.

Dersom du som føresett skal gjere endringar i tilbodet barnet ditt har i kulturskulen, må du hugse å alltid logge inn med ein og same brukar. Dette er den brukaren du/de fekk ved første gongs innlogging/påmelding til kulturskulen. Viss du har fleire barn du skal registrere nyttar du framleis denne brukaren.

Spørsmål? Kontakt torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no

Påskeope i biblioteket

Måndag 14.april kl. 11.00-15.00

Tysdag 15.april kl. 11.00-15.00

16.-21.april er det meirope bibliotek kl. 07.00-23.00.

ONSDAGSKAFEEN

Hjarteleg velkomen til onsdagskafé onsdagar kl. 1030 på Valle Bygdeheim!

Her er det og råd å kjøpe seg middag for ein billig penge, og ofte har vi besøk med underhaldning, ein liten konsert eller anna.

Program for onsdagskafeen i april:

- 2. april: Andakt og sosialt samvær
- 5. april: Basar
- 9. april: Evelyns mote med vårens kolleksjon
- 14. april: Påskebasar**
- 23. april: Sosialt samvær
- 30. april: Sosialt samvær

SALG AV KLÆR

PÅ
VALLE
BYGDEHEIM

Onsdag 9 april

kl. 11:00-14:00

Evelyn's
Magasin
Tlf: 91723979



BASAR PÅ VALLE BYGDEHEIM LAURDAG 5.APRIL KL. 1100-1700

Trekning kl. 1600

Sal av lapskaus, kaker og kaffi.

Åresal og loddsal frå bok gjennom heile dagen

- og flotte gevinstar å vinne!

240	240	240	240	240	240	240	240	240	240
241	241	241	241	241	241	241	241	241	241
242	242	242	242	242	242	242	242	242	242
243	243	243	243	243	243	243	243	243	243
244	244	244	244	244	244	244	244	244	244
565	565	565	565	565	565	565	565	565	565
566	566	566	566	566	566	566	566	566	566
567	567	567	567	567	567	567	567	567	567
568	568	568	568	568	568	568	568	568	568
569	569	569	569	569	569	569	569	569	569
A1	A1	A1	A1	A1	A1	A1	A1	A1	A1
480	480	480	480	480	480	480	480	480	480
481	481	481	481	481	481	481	481	481	481
482	482	482	482	482	482	482	482	482	482
483	483	483	483	483	483	483	483	483	483
484	484	484	484	484	484	484	484	484	484
705	705	705	705	705	705	705	705	705	705
706	706	706	706	706	706	706	706	706	706
707	707	707	707	707	707	707	707	707	707
708	708	708	708	708	708	708	708	708	708
709	709	709	709	709	709	709	709	709	709
B1	B1	B1	B1	B1	B1	B1	B1	B1	B1

Du finn loddbooker på Valle Bygdeheim, Coop Prix Hylestad, Coop Prix Valle og Joker Valle fram til basaren.

Har du lyst til å støtte basaren med ein gevinst? I så fall kan du kontakte Bjørg Straume på tlf. 957 08 242 eller levere direkte til Valle bygdeheim.

ALLE HJARTELEG VELKOMNE!

VALLE KULTURSKULE 2025-2026

Hos oss kan du lære

- ♫ Song
- ♫ Piano
- ♫ Gitar - klassisk gitar, el-gitar, bassgitar, ukulele
- ♫ Trommer/slagverk, djembe
- ♫ Fiolin
- ♫ Breiddetilbod nybyrjar - eleven blir kjent med og får prøve ut fleire instrument
- ♫ Dans
- ♫ Hardingfele
- ♫ Kveding
- ♫ Munnharpe
- ♫ Leikarring / dansering

Nye tilbod:

- ♫ Teater
- ♫ Digital musikkproduksjon (launchpad / DJ)

Nye elevar:

Ordinær elevplass i Valle kulturskule er vanlegvis for elevar i 1.klasse og oppover. Elevar i 1.-4.klasse får undervisning i SFO-tid. Dersom fleire nybyrjarar søkjer på same instrument organiserer vi ofte undervisninga i små grupper. Vi tek også inn elevar frå vidaregåande skule, og vaksne dersom kapasitet. Søknadsskjema på www.valle.kommune.no.

Frist nye elevar: 15.mai.

Elevar som allereie har plass:

Dersom eleven skal halde fram med same tilbod må føresette logge inn i SpeedAdmin og re-registrere eleven. Der kan de også byte instrument. Dersom eleven skal slutte må også dette registrerast av føresette i SpeedAdmin.

Frist re-registrering eller endring av instrument: 15.mai.



Valle kulturskule

Spørsmål? Kontakt leiar Kultur og fritid, torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no, tlf. 970 61 587.

Kulturskulane Bykle, Valle og Bygland og Evje og Hornnes samarbeider om tilbod i

FOLKEMUSIKK!

Valle, Bykle og Bygland samarbeider om det interkommunale folkemusikk-tilbodet munnharpe, hardingfele, kveding og leikarring i kulturskulen. Dette er ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarven.

Nye elevar får høve til å prøve ut ulike instrument, og det blir mykje samspel. Det kan også bli aktuelt å gi gruppeundervisning dersom fleire nybyrjarar søkjer på same instrument.

Tilboda gjeld føretrinnsvis elevar frå Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom kapasitet kan også elevar frå Evje og Hornnes få plass. Ta kontakt med din lokale kulturskule dersom du har spørsmål.

Søknadsfrist for hovudopptak skuleåret 2025-2026 er 15. mai!

Søk her:

<https://valle.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/kulturskule/>




Laging av ljàorv

Kurs, 4. april kl 18-21 og 5. april kl 9-15
Setesdal bygningsvernsenter, Rysstad

Skal ein ta vare på verdifull slåttemark og -tradisjon er det å kunne bruke, lage og halde ved like reiskap viktig. Setesdalsmuseet skipar derfor til kurs i laging av langorv (skaft) til ljà. Instruktør er Anders Dalseg.

Det er ikkje krav til forkunnskap, men interesse og litt erfaring med trearbeid er ein fordel. Ta med eigen ljà (orv, ljàblad) og verktøy, om du har.

Påmelding var 28. mars. Men ta kontakt på 90823855 ved interesse. Avgift på 300kr dekkar emne og servering.



Rygnestad
og Flateland

Setesdalsmuseet



Påskebasar

Oveinang Grendehus - Flateland
Tysdag 15. april frå kl 10.00



Hovudgevinsten er to flotte trestolar med bord imellom, laga av «Skruvane» i Bykle.

- ♦ Bålpannebenk
- ♦ Handsauma muffar
- ♦ Vedsekkar
- ♦ Saueskinn
- ♦ Handlaga primstav
- ♦ Kasser med lokalmat
- ♦ Produkt med fotomotiv og valleuttrykk
- ♦ Rosemåla sendingskorg frå 1790
- ♦ Stor, rosemåla tine

Loddbøker på Joker og Coop *merk med navn og tlf BANK: 2890 20 63457

Kr. 20 pr. lodd -VIPPS: 662273 *Merk med: lodd, navn og tlf.nr*

Årsal heile dagen, kr. 15 pr åre. Kransekake, marsipankake, ++

Sal av suppe, potetkake, vaflar, kaffi og brus

Trekning kl. 18.00

Besøkenesta i Valle

Invitasjon til alle som ønskjer besøk.
Uforpliktende og for alle aldrar

Eller kjenner du nokon som kan tenkje seg å få
besøk?



FAST KVAR TORSDAG I VALLE BIBLIOTEK - SÆBYGGJEN:

Kl. 1700-1800: Song for alle.

Uformell songstund for vaksne som liker å syngje. Anna Slaby Driel er songleiar, og du er velkomen til å syngje med røysta du har!

Kl. 1800-1930: Språkkafé.

Alle hjarteleg velkomne - vi pratar, spelar spel, drikk kaffi/te med meir.

KYRKJA I APRIL

Brokke ved Sesilåmbua, Skjærtorsdag 17. april. Kl. 16.00. Friluftsgudsteneste ved Kristian Mosvold og Eirik Hodnemyr.

Hylestad kyrkje

Langfredag 18. april. Kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste ved Toralv Frøysaa Lie og Eirik Hodnemyr.

Valle kyrkje

Påskedag 20. april kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved Toralv Frøysaa Lie og Eirik Hodnemyr.

Kyrkjekjeddaren i Bykle 1. april kl. 19.00. Møte med Arne Inge Vålandsmyr, Normisjon.

Andakt på Valle bygdeheim onsdag 2. april kl. 11.00.

Kyrkjekjeddaren i Bykle onsdag 2. april kl. 19.00. Kultur, tru og undring.

8. april. Kl. 18.00. Årsmøte i Kyrkjelyden i Valle og Hylestad. Årsmelding og rekneskap. O.A. Løyland sitt bibelfond. Utlodding til inntekt for bibelfondet. Musikalske innslag ved Eirik Hodnemyr.

Ønskjer du å vere med i ei bibelgruppe kontakt Sissa Ringstad. Tlf. 97784706 eller på e-post: anne.ringstad@valle.kyrkja.no

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,

e-post:
post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

BROKKE ALPINSENTER SESONG 2024/25



Sjå detaljert program og
oversikt over opningstider
på brokke.com

APRIL

12. april	Musikkbingo i Nistebui
16. april	Slalomrenn i barnebakken
17. april	Storslålåm
18. april	Påskeeggjakt
19. april	Ta sjansen og påskefest
21. april	Sesongslutt
26. april	Brokke Bakkedragrace



BROKKE

PÅSKE

Ope kvar dag i påska
frå 12. april til og med
21. april kl. 10.00 - 17.00

Afterski kvar laurdag kl. 15

Med atterhald om vår og føre.



Skann QR-koden for meir
informasjon om opnings-
tider, eller les meir
på brokke.com



Årstidene: Dyret Som Spiser Sin Egen Hjerne Og Andre Historier

Digitalt føredrag av

Vibeke Riiser - Larsen

Torsdag 10. april kl.
14.00 i Sæbyggjen.

Eit samarbeide mellom
Valle pensjonistfore-
ning og Valle bibliotek.
Gratis. Enkel servering



Bygdekinoen

MÅNDAG 28. april



Kl. 1700 - 9 år. A Minecraft Movie

Velkomen til Minecraft-verda, der kreativitet ikkje berre hjelper deg å skape, det er avgjerande for å overleve! Ein kvartett med småingar – Garrett «The Garbage Man» Garrison (Momoa), Henry (Hansen), Natalie (Myers) og Dawn (Brooks) – slit med heilt vanlege problem når dei plutseleg blir dratt gjennom ein mystisk portal inn i Oververda: eit bisart, kubisk eventyrland som blir driven av fantasi. For å kome seg heim att må dei meistre denne verda (og verne den mot vonde ting som piglins og zombiar) medan dei legg ut på eit magisk oppdrag med ein uventa, ekspert-handverkar - Steve (Black). Eventyret deira vil utfordre alle fem til å vere dristige, og gjenopprette forbindelsen med eigenskapane som gjer kvar enkelt av dei unikt kreative ... sjølve ferdigheitene dei treng for å trivast i den verkelege verda.

Kl. 1900 - film ikkje sett opp enno.

Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no. Der finn du også info om komande filmar. Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!

Valle Allidrettsklubb

Velkomen til samling i Vallehalli

fredag 25. april kl. 19.00-22.00.

Det blir aktivitetar i idrettshallen, kiosksal, pizza og andakt v/ Egil Grindland.

Som alltid er det gratis kake og frukt!



FAST KVAR TORSDAG I

VALLE BIBLIOTEK - SÆBYGGJEN:

Kl. 1700-1800: Song for alle.

Uformell songstund for vaksne som liker å synge. Anna Slaby Driel er songleiar, og du er velkomen til å synge med stemmen du har!

Kl. 1800-1930: Språkkafé.

Kva skjer? Aktivitetsskalenderen - Valle kommune

01.04. Kl. 19	Møte med Arne Inge Vålansmyr, Normisjon, Kyrkjekjeddaren i Bykle
02.04. Kl. 1030	Andakt på Valle bygdeheim
02.04. Kl. 19	Kultur, tru og undring, Kykjekjeddaren i Bykle
04.04. Kl. 18	Laging av Ljåorv, Setesdal bygningsvernssenter
05.04. Kl. 09	Laging av Ljåorv, Setesdal bygningsvernssenter
05.04. Kl. 11	Basar, Valle bygdeheim
05.04. Kl. 1430	Konsert UKM Junior, Brokke alpinsenter. Ved Valle kulturskule
08.04. Kl. 18	Årsmøte i Kyrkjelyden i Valle og Hylestad, Kyrkjestoga
09.04. Kl. 11	Onsdagskafeen, Valle bygdeheim, med Evelyns mote
09.04. Kl. 18	Handarbeidskveld, Husfliden
10.04. Kl. 14	Digitalt foredrag: Årstidene, Sæbyggjen
14.04. Kl. 11	Påskebasar, Valle bygdeheim
15.04. Kl. 10	Påskebasar, Oveinang grendehus
16.04. Kl. 10	Påskemøte for hyttebuarar i Valle kommune, Sæbyggjen
17.04. Kl. 19	Valle Radio si påskesending
17.04. Kl. 16	Friluftsgudsteneste, Sesilåmbua Brokke
18.04. Kl. 11	Pasjonsgudsteneste, Hylestad kyrkje
20.04. Kl. 19	Valle Radio si påskesending
20.04. Kl. 11	Høgtidsgudsteneste, Valle kyrkje
23.04. Kl. 1030	Onsdagskafeen, Valle bygdeheim
25.04. Kl. 19	Allidrettsklubb, Vallehalli
28.04. 17 / 19	 Bygdekinoen
30.04. Kl. 1030	Onsdagskafeen, Valle bygdeheim
06.05. 18-21	Innbyggjarverkstad, Hylestad soknehus: Kultur, aktivitet og frivilligheit i Valle kommune